



Eva Karin Ones Slengesol
Solåsen 6
5310 HAUGLANDSHELLA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2068 - 18/22695

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

12.07.2018

Svar på førespurnad vedkomande tilkomst til båt plass over gbnr 108/86 Lindås

Vi viser til din e-post datert 04.07.2018, der du stiller spørsmål til om eigar av gbnr 108/86 har rett til å nekta dykk å passere forbi naustet hans. I e-posten viser du til to forhold:

Vi vil gjerne få kunnskap om dette er lov av nøsteeier å gjøre.

- 1. Hindre oss ved fysisk å plassere hindringer og*
- 2. Hindre oss fordi han finner dette sjenerende.*

Lindås kommune er ikkje kjent med eventuelle privatrettslege avtalar/rettar som kan ligga til grunn for bruk av denne eigedommen som tilkomst til båt plass. Dette er forhold de sjølv må sjekka ut med grunneigar og/eller Kartverket når det gjeld avtalar/rettar som kan vera tinglyste.

Når det gjeld rett til å ferdast i strandsona er det friluftsløva som har reglar om dette. Utgangspunktet er at rett til ferdsel eller bruk av privat brygge krev samtykke frå eigar, jf. friluftsløva § 7. Unntaket kan vera der det er ført opp brygger/bygningar m.m. på areal i strandsona som hindrar ferdsel og bruk av kai er einaste mulighet.

Når det gjeld rett til ferdsel kring sjøbodar og liknande står dette på Miljødirektoratet si side:

I utgangspunktet er det ingen privat sone rundt sjøboder og lignende innretningar. Det er nok likevel ikkje tillatt å gå helt inn til en sjøbod og for eksempel sette seg helt inn til sjøboden. I konkrete tilfeller må en likevel anta at sjøboder kan ha en begrenset privat sone. Hvor stor må vurderes ut fra behov, bruksområde, risikovurderinger for allmennheten o.l. Det må her utøves et konkret skjønn i hvert enkelt tilfelle.

Når flytebryggene på gbnr 108/2 vart søkt om og gjeve løyve til, var det vist gangtilkomst frå fylkesvegen og ned til båt plassane:

Post


postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733





Ut frå våre flyfoto så ser det ut som det er denne tilkomsten som er etablert ned til flytebyggene.

På bakgrunn av det er etablert alternativ tilkomst til båt plass/flytebrygger og at ferdselen som går over gbnr 108/86 går over kai/mur og inntil naust, så vil rett til å gå over gbnr 108/86 krevje grunneigar sitt samtykke etter vår vurdering.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Karin Ones Slengesol

Solåsen 6

5310

HAUGLANDSHELLA